



Fylkesmannen i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/386 - 20/25738

Saksbehandlar:  
Tone Furustøl  
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:  
05.05.2020

## **Oversender vedtak om frådeling av bustadtomt til klagevurdering - gbnr 24/3 Fammestad**

### **Saksopplysningar**

Eigedom: Gbnr 24/3  
Adresse: Reikeråsvegen 69  
Tiltakshavar/eigar: Morten Tveit og Merethe Vindenes  
Klagar: Morten Tveit og Merethe Vindenes

### **Saka gjeld:**

Saka gjeld klage på delegert vedtak sak 20/386, datert 12.03.2020, om avslag på frådeling av bustadtomt.

### **Planstatus**

Eigedomen ligg i uregulert områderegulert innanfor det som i kommuneplanen (KPA) sin arealdel 2019-2031 for tidlegare Lindås kommune er avsett til LNF-føremål.

### **Historikk endra planstatus**


Omsøkt område var tidlegare ein del av uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel for tidlegare Lindås kommune var definert som LNF-område med spreidd bustadbygging. Området kunne i samsvar med tidlegare føresegn pkt. 5.11 i arealdelen av kommuneplanen 2011-2023 byggast ut med ein bustad i planperioden.

Løyve til frådeling av den eine bustadparsellen i perioden vart gjeve den 07.07.2017 i sak 16/3839 i tidlegare Lindås kommune. Den nye bustadparsellen vart gjeve gbnr 24/153.


Frådeling hadde dermed heller ikkje vore i tråd med tidlegare kommuneplan for Lindås ettersom kvoten for nye bustader var brukt opp.

## Kart/foto

Utsnitt KPD 2019-2031. Uregulert grønt område er avsett til LNF-føremål. Uregulert gult område er avsett til bustadføremål.



Innsendte situasjonskart, datert 21.08.2019, viser området slik det var i gammel arealdel til kommunedelplanen 2011-2023 dvs. LNF-område med spreidd bustadbygging.



## Historikk

Det vart gjeve avslag på søknad om frådelling av bustadtomt i administrativt vedtak datert 12.03.2020. Det vart fatta følgjande administrativt vedtak:

«VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet for frådelling av ny bustadtomt på ca. 1400m<sup>2</sup> frå gbnr 24/3.

Deling av eigedomen krev dispensasjon frå LNF-føremålet. Når det ikkje vert gjeve dispensasjon, vert søknad om oppretting av ny grunneigedom avslått.

Med heimel i pbl § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d vert det ikkje gjeve løyve til frådelling av ny bustadtomt på ca. 1400m<sup>2</sup> frå gbnr 24/3.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.»

Vedtaket er klaga på av tiltakshavar mottatt innan fristen den 23.03.2020.

Klagen vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 29.04.2020, der administrasjonen sitt vedtak ikkje vart oppretthaldt og klagen vart tatt til følgje.

Utval for areal, plan og miljø i Alver kommune fatta følgjande vedtak:

«APM- 064/20 Vedtak:

Klagen vert teke til følgje og administrativt vedtak i sak 20/386, datert 12.03.2020, vert endra.

Utval for areal, plan og miljø gjev, med heimel i plan- og bygningslova (pbl) §§ 1 9-2, 1 1 -6 og 1 -8, dispensasjon frå forbod mot tiltak i LNF-område (landbruks-, natur- og friluftsområde) i kommunedelplanen sin arealdel for frådelling av ny bustadtomt som omsøkt på ca. 1 400m<sup>2</sup>

frå gbnr 24/3.

Med heimel i pbl § 26-1 , jf. §§ 20-1 , bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til frådelling av ny bustadtomt som omsøkt på ca. 1 400m2 frå gbnr 24/3.»

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post [tone.furustol@alver.kommune.no](mailto:tone.furustol@alver.kommune.no) eller på telefon 56375401/97513452.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Silje Haukedal  
Avdelingsleiar

Tone Furustøl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Klage på avslag på frådelling av bustadtomt - gbnr 24/3 Fammestad  
Løyve til utslepp ny bustadtomt gbnr. 24/3 Fammestad  
Svar på søknad om utvida bruk av avkjørsle og avtale om veg  
Avtale om vatn og avløpsvatn/overvatn og serviceavtale biovac minirensanlegg  
Situasjonskart  
Søknad om dispensasjon til frådelling GBNR 24/3  
Søknad om oppretting av ny grunneigedom - gbnr 24/3 Fammestad  
Førebels svar på søknad - sak 19/3199 i Lindås- gbnr 24/3 Fammestad  
Uttale - gbnr 24/3 Fammestad - frådelling av bustadtomt - dispensasjon  
Avslag på søknad om frådelling av bustadtomt - gbnr 24/3 Fammestad  
Klage på avslag om frådelling - GBNR 24/3 Fammestad  
Vedlegg til saka  
Søknad om utslipp av sanitært og kommunalt avløpsvann fra hus og hytter  
Utseppsløyve av 29.03.2017 frå Lindås kommune  
Serviceavtale av 19.03.2019 og foto  
Uttale til klage på søknad om deling på gbnr 24/3 Fammestad  
2018983 Uttale til klage på søknad om deling på gbnr 243 Fammestad

### **Kopi til:**

Merethe Vindenes  
Morten Tveit

Reikeråsvegen 69  
Reikeråsvegen 69

5913  
5913

EIKANGERVÅG  
EIKANGERVÅG

### **Mottakarar:**

**Mottakarar:**  
Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER